

## Artikkelserie om ærekultur

Tekst: Erling Thu  
erlingthu@msn.com

For om lag eit halvt år sidan fortalde ein god kristen venn og bror noko frå eit besøk i Bethel, Redding, USA som sette i gang ein prosess i meg. Han sa at kanskje den viktigaste faktoren, i det Guds nærværet og den overnaturlige dimensjonen dei lever i, var ein ærekultur som frigjorde liv og kraft mellom dei. Då eg hørde dette ordet, ærekultur, opplevde eg at Gud talte til meg at det var noko eg skulle studera for å få ny innsikt. I det siste halvåret har eg grunna på dette med ære.

Eg har granska i Skrifta og brukt teologiske oppslagsverk for å trengja djupt inn i dette emnet. Eg har også lese eit bok av Danny Silk, ein av Bill Johnsons medarbeidarar, med stor interesse og nytte. Denne boka skildrar på ein flott måte koss dei praktiserer ærekulturen i Bethel Redding. Dette berre skapte ein trong i meg til å granska Skrifta for å finna ut kva ho seier om dette viktige emnet.

Det verkar som om heile Bibelen er full av undervisning og forteljingar der ære og herlegdom er viktige element og underliggjande prinsipp.

I denne artikkelen, eller i dei 4 fylgjande artiklane vil eg prøva å dela noko av det eg har oppdaga når eg har granska Skrifta og sett på dette viktige emnet med nye auge. 2 av desse artiklane kjem i neste nummer av FOLK.

# Alt ved Gud er herleg og ærefullt

## Ærekultur – del 1

Noko av det fyrste eg oppdaga då eg tok til å granska Skrifta på ny var at ære og herlegdom heng nøye saman og ofte er to sider av same sak og er veldig ofte knytt til Gud. Salmisten seier at Gud er ærens Gud og at alt i hans tempel seier: Ære! (Sal.29,3,9 NB). Jesus Kristus er ærens konge (Sal.24,7–10) og herlegdomens Herre (Jak.2,2). Gud er herlegdomens Gud og Far (Apgj.7,2; Ef.1,17). Den Heilage Ande er herlegdomens Ande (1.Pet.4,14). Jesus er sjølv utstrålinga av Guds herlegdom (Hebr.1,3). Apostlane såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning (Joh.1,14).

### Eit ordstudie

Det finst ein mengde bibelord som handlar om Guds og Jesu Kristi herlegdom og ære. Den treeinige Gud er den herlege og ærefulle Gud. Difor er alt Gud gjer kjenneteikna av herlegdom og ære. Uttrykket Guds herlegdom er oftast i GT nytta som eit teknisk teologisk uttrykk for Guds synlege nærvær og utstråling av hans herlege og ærefulle vesen.

Det hebraiske ordet *kabod* er omsett ære og herlegdom om kvarandre. Grunntydninga av dette ordet er tyngde og vekt. Det er det vektige eller tyngda ved ein person som gjev han ære. Det kan

vera personlege eigenskapar, stilling i samfunnet eller rikdom som gjev tyngde eller ære. *Kabod* er i våre biblar omsett med tyngde, ære, glans eller herlegdom.

Det hebraiske ordet *hadar* er omsett med prakt, herlegdom og ære og det å visa ære eller å heidra. Det hebraiske ordet *tifæræt/tifara* er omsett pryd, prakt og ære og kjem frå *pa'ar* som tyder å forskjønna eller herleggjera.

I NT finn me dei greske orda *timè/timan* som tyder ære og heider og å æra eller heidra, og *doxa/doxazein* som er omsett ære, glans, prakt, herlegdom og å prisa, lova, æra og herleggjera.

På grunnlag av desse og andre ord frå grunntekstane kan me seia at ære er det som gjev menneske tyngde, vekt og status. Denne æra kan vera knyta til ytre ting som stilling i samfunnet og rikdom, men har også med indre kvalitet å gjera. Ære og herlegdom har med mennesket sin natur og vesen å gjera. Det er noko ein har fått og eig og som strålar fram gjennom ein innebygd vørdnad og sunn sjølvrespekt som kjem av å vita kven ein er. Denne innebygde ære og vørdnad vert gjenkjend av menneske rundt oss som møter oss med ære og respekt. Ære, vørdnad, verdigheit og respekt er noko me ber med oss og noko folk gjev oss og møter oss med i ein ærekultur.

## Gud er opphav til all herlegdom og ære

Den heilage og treeinige Gud me møter i Bibelen er framstilt som herleg, skjønn, vakker og ærefull. Alt ved Gud er herleg og ærefullt. Difor finn me også at alt Gud gjer avspeglar Guds herlegdom og ære og er til Guds ære. Serafane som er for Guds åsyn seier at heile jorda er full av Guds herlegdom (Jes.6,3). Salmisten seier at heile skaparverket forkynner Guds herlegdom og ære (Sal.19,2-7). Apostelen Paulus seier at me kan sjå Guds herlege og usynlege vesen gjennom skaparverket, både hans evige kraft og hans guddom frå gjerningane hans og skjøna at han bør ha ære og takk (Rom.1,19-21). Gud har lagt ned noko av sin herlegdom i alt han har skapt slik at det kan vera til hans ære (Jes.43,4,7).

Me kan seia at alt Gud har skapt har innebygd i seg eit mål av ære eller herlegdom som viser noko av Guds ære. Guds herlege

*«Dei fyrste menneska  
i Edens hage var kledd  
i ein stråleglans av  
herlegdom og ære.  
Då dei synda vart dei fylte med  
skam og skuldkjensle.  
Æra veik for skamma.  
Den herlege utstrålinga vart borte  
og dei oppdaga at dei var nakne  
og trong noko  
å dekkja seg med»*

skaparkraft synleggjer den innebygde tyngda, æra eller herlegdomen han har gjeve til det han har skapt. Salme 8 fortel oss at Guds namn er herleg over all jorda og at Gud har breidd si prakt, prydnad eller herlegdom ut over himmelen. Faktisk er målet for alt Gud gjer herlegdom og ære, noko me skal seia meir om seinare. Apostelen Paulus seier noko interessant om den innebygde glansen, herlegdomen eller æra i alt det skapte:

*Og det finst himmelske kroppar og jordiske kroppar; ein glans har dei himmelske, ein annan dei jordiske. Ein glans har sola, ein annan har månen og ein annan stjernene. Den eine stjerna lyser med klårare glans enn den andre. (1 Kor 15,40-41)*

Her seier apostelen at både himmelske og jordiske kroppar har ein innebygd glans (gresk *doxa*) eller herlegdom eller ære, men at dei har dette i ulikt mål. Likeeins er det med sol, måne og stjerner som alle har ein glans (gresk *doxa*) eller herlegdom. Men inga stjerne er lik ei anna stjerne i glans eller utstråling. Alt det skapte har med andre ord sitt eige mål av herlegdom eller ære.

## Mennesket er skapt til ære

I det fyrste kapitlet i Bibelen høyrer me om Gud som skaper verda på seks dagar. Kvar dag gjev Gud ære til det han har skapt ved å sjå på det, vurdera det og seia at det er godt. Då han hadde skapt menneska den sjettedagen og såg på alt det han hadde skapt, æra han det ved å seia at det var overlag godt (1.Mos.1,31). Salme 8 fortel oss at då Gud skapte menneske, gjorde han det berre lite ringare enn Gud og krona det med ære og herlegdom og sette mennesket til å vera herre over alt det skapte (Sal.8,6-7).

Dei fyrste menneska i Edens hage var kledd i ein stråleglans av herlegdom og ære. Då dei synda vart dei fylte med skam og skuld-kjensle. Æra veik for skamma. Den herlege utstrålinga vart borte og dei oppdaga at dei var nakne og trong noko å dekkja seg med. Dei tok til å skulda på kvarandre og vart redde for Gud. Guds strålande herlegdom og ærefulle vesen skræmde dei og dei prøvde å

gøyma seg for han. Synda, ulydnaden og ureinskapen deira skapte vanære, skam, skuld og fordøming.

Menneska er ikkje skapt til å leva med dei negative kjenslene som fylgjer fordøming, skuld, skam og vanære. Menneska er skapt for å leva med ære og herlegdom. Synda øydela dette, men alle menneske ber i seg ein lengt etter herlegdom og ære. Eg trur det er rett å seia at alle menneske søker ære, ros, lovord, godkjenning, godtaking, akseptering, heider, fagning, hylling, støtte, velvilje og vørdnad. Den store utfordringa for menneska er kor ein søker dette og kva ein gjer med det.

Alt det skapte har innebygd ære herlegdom som avspeglar noko av Guds herlegdom til hans ære. Her ser me ein dynamisk sirkel i skaparverket og menneskelivet. Ære og herlegdom kjem frå Gud og er meint å gå tilbake til Gud, som gjev meir ære og herlegdom til dei som ærar han, så dei kan gje endå meir ære til Gud.



*«Menneska er ikkje skapt til å leva med dei negative kjenslene som fylgjer fordøming, skuld, skam og vanære. Menneska er skapt for å leva med ære og herlegdom»*